

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:**

**SAKSHANDSAMAR:** Fagleiar Sølvi Lurfald

**SAKA GJELD:** **Forskning og innovasjon til pasientens beste. Nasjonal rapport frå spesialisthelsetenesta 2021**

**ARKIVSAK:** 2022/599-1

**STYRESAK:** **067/22**

**STYREMØTE:** **13.06. 2022**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tar rapporten «Forskning og innovasjon til pasientens beste» til orientering.

## Oppsummering

*Forsking og innovasjon til pasientens beste* er RHF-a sin felles rapport med eksempel på korleis forskning og innovasjon medverkar til betre klinisk praksis. Rapporten inneheld også eit kapittel med i hovudsak nasjonale nøkkeltal basert på data frå forskning og innovasjonsaktivitet i helseføretaka i 2021. Rapporten er utarbeida av ei nasjonal arbeidsgruppe under leiing av Helse Vest, og er forankra i RHF-a sitt AD-møte. Arbeidsgruppa har to representantar frå kvart RHF og to brukarrepresentantar. Rapporten vart formelt overlevert til Helse- og omsorgsdepartementet v/statsråd Ingvild Kjerkol 1. juni 2022.

Rapporten blir med dette lagt fram for styret i Helse Vest RHF.

## Fakta

Den framlagte rapporten er den niande i rekka. Oppdraget om ein nasjonal rapport om forskning og innovasjon vart første gong gitt i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2013, og har blitt vidareført årleg etter dette. Oppdraget til RHF-a er å synleggjere eksempel på korleis resultat frå forskning og innovasjon har bidrege til forbetra klinisk praksis/tenesteutøving, og i tillegg viser resultat basert på nasjonalt tilgjengeleg statistikk om forskings- og innovasjonsaktivitet.

Rapporten presenterer i alt 18 prosjekt frå helseføretak over heile landet. Arbeidet med presentasjon av prosjekta har involvert kommunikasjonsavdelingane i dei aktuelle føretaka. Helse Vest RHF har utført det redaksjonelle arbeidet.

Kapittelet om nasjonale nøkkeltal inneheld 47 figurar og tabellar med data frå blant anna *eRapport*, som er RHF-a sitt system for rapportering frå forskings – og innovasjonsprosjekt, *NIFU* (Nordisk institutt for studium av innovasjon, forskning og utdanning), *Cristin* (Current Research Information System in Norway), *Forskingsrådet* og *Induct* (innovasjonsrapportering).

## Kommentarar

Prosjekta som er omtala i rapporten har fokus på korleis forskning og innovasjon bidreg til kunnskapsutvikling og nytte for pasientbehandlninga. Å synleggjere resultat frå forskning og innovasjon i spesialisthelsetenesta er viktig for omdømmet blant vedtaksorgan, det politiske miljøet og publikum generelt.

I utveljinga av prosjekta er det tatt omsyn til mellom anna kvalitet, fagområde, geografi, forskning vs. innovasjon og universitetssjukehus vs. mindre sjukehus. Det er også tatt omsyn til nasjonale satsingsområde og kva for fagfelt som har vore presentert i tidlegare rapporter.

Fordelinga av prosjekt per region:

Helse Nord:	3 prosjekt
Helse Midt-Norge:	3 prosjekt
Helse Vest:	4 prosjekt
Helse Sør-Øst:	8 prosjekt

Kapittelet om nasjonale nøkkeltal er delt inn i tre hovuddelar: forskning, innovasjon og brukarmedverknad:

### **1. Forsking**

- a. Indikatorar i nasjonalt målesystem
- b. Publisierende forskarar i spesialisthelsetenesta
- c. Stipendiatar finansiert av regionale helseføretak
- d. Fagområde og type forskning
- e. Samarbeid med industri og næringsliv
- f. Regionale nøkkeltal

### **2. Innovasjon**

- a. Innovasjonspotensial i forskingsprosjekt
- b. Innovasjonsindikatorar
- c. Regionale innovasjonsprosjekt
- d. Innovasjonspartnarskap

### **3. Brukarmedverknad**

- a. Brukarmedverknad i forskingsprosjekt
- b. Brukarmedverknad i innovasjonsprosjekt

Både for forskning og innovasjon er det etablert nasjonale indikatorar, og desse er følgt gjennom fleire år. Innan forskning har talet på publikasjonar knytt til helseføretaka for første gong bikka 5000. Talet på avlagte doktorgrader i 2021 er langt lågare enn for 2020. Denne trenden er lik for alle regionar, og har truleg sin årsak i pandemien. Innovasjonsindikatoren måler ulike type aktivitet, og tal for 2019 viser ei auke i både gjennomført pilot og gjennomført iverksetting.

Samarbeid med industri og næringsliv, kommunehelsetenesta og andre aktørar kjem fram i fleire av figurane. Ein skilnad mellom forskings- og innovasjonsprosjekta er at forskingsprosjekt samarbeider i høgare grad med legemiddelindustrien, medan innovasjonsprosjekta i høgare grad samarbeider med aktørar innan IKT/eHelse.

Målet med brukarmedverknad i forskings- og innovasjonsprosjekt er å betre kvalitet og relevans på prosjekta. Brukarmedverknad er at brukarens erfaring, perspektiv og behov bidreg til å påverke, utvikle og endre forskning og innovasjon. Brukarane kan delta i ulike delar av prosjektet og/eller på eit meir overordna strategisk nivå. Brukarar er med i mellom 80 og 85 prosent av prosjekta. I forskingsprosjekt kjem eit fleirtal av brukarane frå brukar- og pasientorganisasjon, medan helsepersonell er brukarar i over halvparten av innovasjonsprosjekta.

Vedlegg

Forskning og innovasjon til pasientens beste. Nasjonal rapport frå spesialisthelsetenesta 2021.